

## Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette fram slikt forslag til uttale til Sogn og Fjordane- og Hordalandsbenken på Stortinget, samt til regjeringa v/olje- og energiminister Tina Bru:

«Planlegging av vindkraftverk etter plan- og bygningslova  
Det har blitt varsla ei sak i Stortinget der ein skal sjå på retningslinjer for framtidige konsesjonssøknader. Dette vert blant anna basert på faglege innspel frå høyringsrunda til den nasjonale ramma for vindkraft. Vestland fylkesting ønskjer å kome med følgjande innspel til det vidare arbeidet:

- Fylkestinget meiner framtidige konsesjoner må ha ein tidsfrist for igangsetting, slik plan og bygningsloven har, med ein oppstart innan 3 år, og der det er mogleg å søkje om utsett frist inntil to år.
- Fylkeskommunane bør konsulterast i vindkraftsaker, og det må vurderast korleis regionale planar kan få meir å seie.
- Det er avgjerande at søknadane er transparente slik at vurderingane som blir lagt til grunn er opne.
- Utbygginga må kome fellesskapet til gode gjennom skattlegging
- Det er viktig at det vert utarbeidd ein modell for å unngå at vindkraftutgifter medfører auke i nettleige for det lokale kundenettet.
- Det må leggest til grunn eit oppdatert kunnskapsgrunnlag slik at ein får best mogleg handtering av natur og miljøhensyn.
- Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. Vindkraft til havs skal utviklast i samråd med havbruk- og fiskeinteressene.
- Fylkestinget meiner at vindkraftutbyggingar må følgje vanlege kommunale prosessar for arealplanlegging i tråd med plan- og bygningslova.
- Det må stillast tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiingar i samband med vindkraftutbyggingar der naturmangfaldslova og miljøforvaltninga blir sterkt vektlagt. Konsekvensane for naturleg karbonlagring må inngå i vurderinga, og det må utarbeidast eit klimarekneskap for utbyggingane.
- Kommunane som stiller område til disposisjon må få ein føreseieleg kompensasjon og ein rettferdig del av verdiskapinga. Dette vederlaget må fastsettast nasjonalt slik at det ikkje må vere opp til kvar kommune å forhandle. Om dette er mest føremålstenleg å gjere i tråd med naturressurskatt på vasskraft eller om det bør innrettast etter andre modellar må utgreiast av departementet.»

### Avrøysting

Berthelsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Fylkestinget sendar slik uttale til Sogn og Fjordane- og Hordalandsbenken på Stortinget, samt til regjeringa v/olje- og energiminister Tina Bru:

«Planlegging av vindkraftverk etter plan- og bygningslova  
Det har blitt varsla ei sak i Stortinget der ein skal sjå på retningslinjer for framtidige konsesjonssøknader. Dette vert blant anna basert på faglege innspel frå høyringsrunda til den nasjonale ramma for vindkraft. Vestland fylkesting ønskjer å kome med følgjande innspel til det vidare arbeidet:

- Fylkestinget meiner framtidige konsesjoner må ha ein tidsfrist for igangsetting, slik plan og bygningsloven har, med ein oppstart innan 3 år, og der det er mogleg å

søkje om utsett frist inntil to år.

- Fylkeskommunane bør konsulterast i vindkraftsaker, og det må vurderast korleis regionale planar kan få meir å seie.
- Det er avgjerande at søknadane er transparente slik at vurderingane som blir lagt til grunn er opne.
- Utbygginga må kome fellesskapet til gode gjennom skattlegging
- Det er viktig at det vert utarbeidd ein modell for å unngå at vindkraftutgifter medfører auke i nettleige for det lokale kundenettet.
- Det må leggst til grunn eit oppdatert kunnskapsgrunnlag slik at ein får best mogleg handtering av natur og miljøhensyn.
- Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. Vindkraft til havs skal utviklast i samråd med havbruk- og fiskeinteressene.
- Fylkestinget meiner at vindkraftutbyggingar må følgje vanlege kommunale prosessar for arealplanlegging i tråd med plan- og bygningslova.
- Det må stillast tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiingar i samband med vindkraftutbyggingar der naturmangfaldslova og miljøforvaltninga blir sterkt vektlagt. Konsekvensane for naturleg karbonlagring må inngå i vurderinga, og det må utarbeidast eit klimarekneskap for utbyggingane.
- Kommunane som stiller område til disposisjon må få ein føreseieleg kompensasjon og ein rettferdig del av verdiskapinga. Dette vederlaget må fastsettast nasjonalt slik at det ikkje må vere opp til kvar kommune å forhandle. Om dette er mest føremålstenleg å gjere i tråd med naturressursskatt på vasskraft eller om det bør innrettast etter andre modellar må utgreiast av departementet.»